

Fra: Terje Breivik [te-brei@frisurf.no]
Sendt: 2. oktober 2013 22:51
Til: NVE
Emne: VS:

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Hei.

Første e-post vart sendt litt tidlig, slett den.

Pga at eg vart ei veke lengre på jobb har eg ikkje fått med meg alle detaljer i denne saka. Men eg har inntrykk av at det er stor usikkerhet på kva konsekvensar det vil få for Storavatnet at det vert gitt tillatelse til regulering av vatnet. Det er også stor skepsis til opplysningar og forsikringar som vert gitt, det pga dårlig erfaring frå tidligare forsøk med oppdrett.

Eg brukar vatnet ganske mykje til friluftsliv, bur berre få hundre meter vekke frå vatnet. Regulering som kan medføre inngrep på vannstanden vil for meg vera veldig negativt. Sjølv sagt avhengig av kor mykje vatnet vert regulert i praksis. Det som er viktig, viss det vert gitt tillatelse til regulering, er at det ikkje vert gitt adgang til for romsleg regulering.

Vatnet vert brukt til fiske, padling, bading og skeising. Eg trur at stor regulering vil få mest å sei for badelivet om sommaren og skeising om vinteren. Lange nedbørsfattige periodar kan føra til dårlige strender (fleire av dei er tilført skjellsand for å få ei ok strand) og om vinteren kan det føra til utrygge isforhold.

Men som tidligare sagt; Det er stor motstand lokalt til regulering pga dårlig erfaring med tidligare oppdrett. Ting vert ikkje alltid slik det er sagt. Difor er det viktig at NVE set klare begrensingar til evt positivt vedtak og at det ikkje vert gitt løyve til meir enn dei seier dei har bruk for.

I tillegg vil ei evt regulering som vil tillate høgare nivå på vannspeilet vera negativt for ein av bakkan mine. Det er vått nok som det er og høgare vannstand vil gje enda verre forhold. Eg driv ikkje jordbruk men har tenkt å oppgradera standarden på garden slik at det vert enklare å halda jordbruksarealet på ein bra kvalitet.

> Eg er ueinig med at Storavatnet har liten verdi for friluftsliv og eg er redd for konsekvensane ved evt. regulering.

> Mvh

Terje Breivik
Båtsvikjo 56
5415 Stord

> Send dette til nve@nve.no på mail før 24.00, dersom du vil vera med å påverka NVE til å sei nei til regulering av Storavatnet.